
Fra: Oeyvind Bernes <obernes@online.no>
Sendt: onsdag 7. mars 2018 21.24
Til: Bente Kopperdal Hervik
Emne: Søknad om kloppematerial til utbetring av turløypa frå Sæbøvågen til Kviste og utbetring av løypenettet rundt Litlavatnet.

Hei Bente,

Eg har fått i oppdrag av Evy å søkja om tildeling av materialer til ovanfor nemde løyper. Me har lagt ut kloppar i turløypa mellom Sæbøvågen og Kviste, og har gjort oss ferdige med den delen av løypa som er mellom Sæbøvågen og der løypa deler seg mot Kvalvika. Men det er langt derifrå til Kviste, og materialane me vart tildelde i fjor er oppbrukt. I tillegg til Kvisteløypa, er det eit par plassar på løypa rundt Litlavatnet som bør utbetrast med kloppar.

Me såg for oss materialer til 100m med kloppar – dette vil sei ca 420m med terrassebord (0.6m x 7 bord/løpometer x 100meter) og 200m med 2 toms x 4 toms plank (48mmx98mm impregnert). Med 700stk x 60 cm bord og minimum 2 skruar i kvart, vert det også ca 1500 terasseskruar.

Ser tala greie ut?

Eg fann ikkje noko søknadsskjema i Radøy Kommune sine heimesider. Kanskje du kan visa meg?

MVH
Øivind Bernes

for Keipane Kystlag